



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset,
Dato:	19.09.2025
Tid:	10:00

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Zahl Røksund
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 14.05.2025 - Bømlø kommune	2023/512	
	Politiske saker		
PS 28/25	Orientering frå Sunnhordland Interkommunale miljøverk (SIM)	2023/372	
PS 29/25	Rekneskapsrevisjon - oppfølging av rekn. rapp. nr. 31 og rapport etter etterlevingskontroll - orientering frå kommunedirektør	2023/487	
PS 30/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 31/25	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025	2023/487	
PS 32/25	Budsjett 2026 for kontrollutvalet	2024/122	
PS 33/25	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/393	
	Godkjenningssaker		
GK 11/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
	Referat saker		
RS 9/25	Folkevaldopplæring på Solstrand 11. - 12. febr. 2026.	2024/12	
RS 10/25	VS: Nyhetsbrev fra FKT - Kontrollutvalgslederskolen	2024/12	
RS 11/25	Medlemsbrev - God sommer fra FKT	2022/31	

GK 9/25 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/512-18
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	10/25	19.09.2025

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 14.05.2025 - Bømlo kommune

Møteprotokoll frå møte 14.05.2025 er vedlagt

Vedlegg

1. Møteprotokoll 14.05.2025 - KU - Bømlo kommune.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	14.05.2025
Tid:	10:00 - 11:45

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Bente Spissøy	Medlem	UAVH
Arne Zahl Røksund	Leiar	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	NEST	H
Lene Borgen Waage	MEDL	AP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Atle Nordtun	Lene Borgen Waage	AP

Ingen av varamedlemmane kunne møte for Rune Kvernenes.

Medlem Bente Spissøy måtte forlate møte kl. 1100 grunna ein anna avtale.

Andre som møtte:

Morten Helland	Ordførar
Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Jarle Nakken	Økonomisjef (PS 14 og 15)
Lise Notland	Avdelingsleiar arealbruk (PS 16)
June Stavland	Juridisk seniorrådgjevar
Ingrid Urheim Halleraker	Dagleg leiar BKE AS (PS 17)
Sigbjørn Næsse	Styreleiar BKE AS (PS 17)
Inger Johanne S. Solberg	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Arne Zahl Røksund
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.04.2025	2023/512	
Politiske saker			
PS 14/25	Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kulturhus KF	2023/487	
PS 15/25	Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet	2023/487	
PS 16/25	Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadsområde - oppfølging	2023/496	
PS 17/25	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigendomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan	2022/339	
PS 18/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 19/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 20/25	Eventuelt	2022/34	
Referat saker			
RS 4/25	Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene	2022/31	

Godkjenningssaker

GK 5/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Medlem Bente Spissøy må forlate møte kl. 1100, grunna eit anna møte.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

GK 6/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.04.2025

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til møteprotokoll frå møte 10.04.2025.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 10.04.2025 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 14/25 Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kulturhus KF

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2024 har eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 383 363 som gjer eit netto negativt driftsresultat på - 12,69 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 0 %, som er mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ei lånegjeld på tilfredsstillande 20,39 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Styreleiar og dagleg leiar hadde andre avtaler i dag og kunne ikkje møte.

Det vart orientert om årsmelding og årsrekneskap 2024 slik det kjem fram av saksframlegg og vedlegg til saka.

Bømlo kulturhus KF er likeins med Bømlo kommune i en vanskeleg økonomisk situasjon.

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsberetning og nummerert kommunikasjon med styret.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2024 har eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 383 363 som gjer eit netto negativt driftsresultat på - 12,69 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 0 %, som er mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ei lånegjeld på tilfredsstillande 20,39 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

PS 15/25 Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 31 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 19.09.2025 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør og økonomisjef orienterte om årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Bømlo kommune står i ein vanskeleg situasjon med mellom anna:

- Likviditet
- Driften
- Pensjonsutgifter

Ordførar fekk og ordet i saka og var einig i at den økonomiske situasjonen er utfordrande.

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsberetning, revisjonsrapport nr. 31 og attestasjonsuttale etterlevingskontroll, og svarte på spørsmål gjeldande revisjonsrapport nr. 31.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 31 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 19.09.2025 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

PS 16/25 Teljepraksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadsområde – oppfølging

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør til møte 20.11.2025 med skriftleg tilbakemelding innan 30.10.2025.

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør og avdelingsleiar arealbruk orienterte om status gjeldande oppfølging av saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Medlem Bente Spissøy, var i mot forslag til vedtak, men det vart ikkje fremma alternativt vedtak frå henne.

Forslag til vedtak vart vedteke med 3 mot 1 stemme.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå kommunedirektør til møte 20.11.2025 med skriftleg tilbakemelding innan 30.10.2025.

PS 17/25 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigendomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen er godt i gang med betringsarbeidet etter denne revisjonsrapporten, men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til novembermøte i kontrollutvalet i 2025. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 01.11.2025.

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart orientert kort om saka slik det kjem fram av saksframlegget. Gjeldande det som Bømlo kommunale eigendomsselskap AS skulle følge opp etter denne rapporten, vart det lukka av kontrollutvalet i et tidlegare møte.

Dagleg leiar og styreleiar hadde ei generell orientering til kontrollutvalet gjeldande kva Bømlo kommunale eigendomsselskap AS sitt virke og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet var svært nøgd med orienteringa og takka for orienteringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen er godt i gang med betringsarbeidet etter denne revisjonsrapporten, men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til novembermøte i kontrollutvalet i 2025. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 01.11.2025.

PS 18/25 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

1. Personal og HMS - sjukefråvær i mars på 9,2 %. 4 stillingar for tida utlyst.
2. Økonomi - driftsrapport 1.kvartal meirforbruk på kr. 3,1 mill.kr.
3. Investeringar - Våge skule, kjøkken BBH og kontorlokale Barne- og familietenesta.
4. Generelt - Bu trygt heime dagen, kai Hovlandshagen, møte med Husbanken, generalforsamling Moster Amfi AS.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 19/25 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått, det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 20/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Habiliteringstenesta og tilsyn avdeling Haugen

I sak PS 1/25 frå møte i kontrollutvalet 06.02.2025 vart det mellom anna gjort slikt vedtak:

"Kontrollutvalet ber om ein orientering frå kommunedirektør når rapport etter tilsyn gjeldande Habiliteringstenesta (avdeling Haugen) er ferdig"

Kontrollutvalet ber om ei avklaring på om det no føreligg tilsynsrapport ?

I såfall ber kontrollutvalet om ei orientering i septembermøte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om ei avklaring om det no føreligg tilsynsrapport gjeldande avdeling Haugen og om det i såfall vert ein orientering om dette i septembermøte.

Referat saker

RS 4/25 Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene

Saksprotokoll 14.05.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/372-38
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	28/25	19.09.2025

Orientering frå Sunnhordland Interkommunale miljøverk (SIM)

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) om avhending av utstyr til vitande.

Samandrag

Denne saka vert handsama i eventuellsaka (PS 12/25), 10.04.2025. Dagleg leiar kjem til møtet for å gje ei orientering til kontrollutvalet i saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå møte i kontrollutvalet 10.04.2025 vart dette protokollert i sak PS 12/25 Eventuelt:

Orientering frå Sunnhordland Interkommunale miljøverk (SIM)

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå dagleg leiar/styreleiar i SIM, til eit av møta hausten 2025 gleidande avhending av utstyr i SIM. Sekretariatet får i oppgåve og avklare dato og møtetidspunkt

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. Kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dagleg leiar for SIM kjem til møtet for å orientera om saka.

Ut frå kva som kjem fram av informasjon i møtet må kontrollutvalet diskutera kva ein skal gjera vidare med saka.

Konklusjon

Saka vert lagt fram med forslag til vedtak om at informasjonen vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/487-28
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	29/25	19.09.2025

Rekneskapsrevisjon - oppfølging av rekn. rapp. nr. 31 og rapport etter etterlevingskontroll - orientering frå kommunedirektør

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Samandrag

I rekneskapssaka i maimøtet (PS 15/25) vart det lagt fram ein revisjonsrapport frå revisor med nokre oppfølgingspunkt. I vedtaket frå maimøtet ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem til dette møtet med ei tilbakemelding på forholda som kjem fram i revisjonsrapporten og rapport etter etterlevingskontroll.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå møtet i kontrollutvalet 14.05.25 (PS 15/25) vart dette mellom anna protokollert:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 31 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 19.09.2025 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årberetninga. Jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Revisjonsrapport nr. 31 og rapport etter etterlevingskontroll frå Deloitte AS er vedlagt saka (sjå vedlegg).

Kommunedirektør er orientert om at dette er ei sak til dette møtet. Kontrollutvalet må ut i frå det som kjem fram av informasjon i møtet vurdere kva ein skal gjera vidare med saka. Er informasjon som kjem fram i møtet tilfredsstillande kan kontrollutvalet lukke saka. Alternativt kan kontrollutvalet be om ei ny orientering til eit seinare møte.

Konklusjon

Informasjonen vert tilrådd teken til orientering.

Bømlo kommune
Att.: Kontrollutvalget
Rådhuset
5430 Bømlo

Revisjonsrapport nr. 31 (journalføres)

11. april 2025

REVISJONSRAPPORT 2024

1 INNLEIING

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2024, og vil nytte høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet, samt formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig for at leiinga i kommunen blir informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinane. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og gjennomføre ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formuesforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføring eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

2 REVISJONEN GJENNOM ÅRET

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3 REVISJONEN AV ÅRSOPPGJERET

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2024. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivingar.

4 REALISMEKRAVET TIL BUDSJETT

Kommuneloven § 46 nr 3 inneheld bestemmelser om at kommunens budsjett skal vere realistisk og fastsatt på grunnlag av forventede utgifter og inntekter.

Gjennom vår revisjon har vi observert at kommunen har ein manglende budsjettering av sjukefravær. Vi minner om at kommunens budsjett til kvar tid skal være realistisk og vi anbefaler at kommunen for fremtiden budsjetterer sjukefravær som ein del av sitt driftsbudsjett.

Vi har og observert at det mangler budsjettering av avsetning til bundne fond. Bokført beløp for bruk av bundne fond er over budsjettert beløp. Realismekravet i budsjettet er derfor ikkje oppfylt. Vi anbefaler at kommunen for fremtiden opprettholder realismekravet i Kommuneloven

5 BOKFØRINGSLOVA OG DOKUMENTASJON AV REKNESKAPEN

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneheld enkelte nye krav samt vidarefører ei rekkje krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamført med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

Ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapen utan dei som er ubetydelege.

For 2024 har kommunen i all hovudsak framlagt tilfredstillande dokumentasjon på vesenlege rekneskapspostar.

6 AVSLUTNING

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2025-04-11 10:27:46 UTC



Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/40-16

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	30/25	19.09.2025

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

I møte 28.05.2020 vedtok kontrollutvalet at ein ønskjer at rådmannen (kommunedirektøren) kjem til alle møte i kontrollutvalet og informerer om nytt frå kommunen. Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøta framover.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift



Saksframlegg

Saksnr: 2023/487-29
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	31/25	19.09.2025

Revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte AS sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2025, normalt i mai-møtet 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.
3. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2025 vert klar til behandling i møte 20. november med frist for levering til sekretariatet 06.11.2025.
4. Kontrollutvalet støttar revisor si tilråding om at tema for den forenkla etterlevingskontrollen for 2025 vert «Korleis sikrar Bømlo kommune at vedtak for tildeling av særskild tilrettelagt bolig tilfredsstillar dei krav som blir stilt for legitimering av retten til å krevje meirverdiavgiftskompensasjon?»

Samandrag

Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ansvar for at det blir gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. I denne saka skal Deloitte AS presentera sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, kva som er gjort av rekneskapsrevisjon så langt, og risiko og vesentleg vurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for 2025.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Bømlo kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen. Denne saka er eit ledd i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. KommuneLOVA § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

- a) «Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vurderingar og verknader

Etter sekretariatet si oppfatning er revisjonsplan og revisor si risiko- og vesentlegvurdering om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025, to sider av same sak. Det er difor naturleg at desse to tilhøva vert behandla i same sak.

Kontrollutvalet si behandling av revisjonsplan, informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt og risiko- og vesentlegvurdering i høve forenkla etterlevingskontroll, vil vere eit ledd i å sjå til at kommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte. Revisjonsplanen og risikovurderinga for etterlevingskontroll er vedlagt i saka.

Det går fram av risikovurderinga at det er fleire områdar som revisor merkar med høg risiko, og trekk fram meirverd kompensasjon, tilrettelagte boliger, investeringsprosjekt, offentleg støtte og avslutting av rekneskapen.

Deloitte legg fram risiko- og vesentlegvurderinga i møte 19. september. Det går fram av tilsendt

dokument frå Deloitte at dei foreslår å sjå på korleis Bømlo kommune sikrar at vedtak for tildeling av særskild tilrettelagt bolig tilfredsstillar dei krav som blir stilt for legitimering av retten til å krevje meirverdiavgiftskompensasjon. Når det gjeld kontrollutvalet sitt ansvar i høve kommunelova § 24-9 om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga er det naturleg at Deloitte AS legg fram sin uttale om resultatet av denne i same møte som årsrekneskapen for 2025 skal behandlast.

Konklusjon

I revisjonsplanen har revisor lagt inn desember som leveringsfrist på interimrevisjonsrapport for 2025. Siste møte i kontrollutvalet er satt til 20.11.2025, og sekretariatet ber om at saka handsamast i samband med møte i november. Fristen for levering til sekretariatet vert normalt sett tre veker før, men me har satt fristen for levering frå Deloitte AS til den 06.11.2025 som er to veker før møtet. Revisor må dermed forskyva nokon av datoane i tilsendt revisjonsplan.


Dersom det elles ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte AS til orientering. Revisor peiker i risikovurderinga i revisjonsplanen på fleire område med høg risiko. Revisor foreslår å sjå på korleis Bømlo kommune sikrar at vedtak for tildeling av særskild tilrettelagt bustad tilfredsstillar dei krav som blir stilt for legitimering av retten til å krevje meirverdiavgiftskompensasjon.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet støttar dette.

Det vert vidare tilrådd at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møte som årsrekneskapen for 2025 skal behandlast. Det vert vanlegvis gjort i mai-møtet i 2026, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar



Forenklet etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2025

Risikovurdering

Forenklet etterlevingskontroll

- rekneskapsrevisor bidrar til at kontrollutvalet får hjelp til å sjå etter at det blir ført kontroll med den økonomiske forvaltninga foregår i samsvar med gjeldande bestemmelser og vedtak.


Kommuneloven § 24 -9:

Rekneskapsrevisor skal sjå etter om kommunen eller fylkeskommunen si økonomiforvaltning i hovudsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgåva på ein risiko- og vesentlegheitsvurdering, som skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Revisor skal seinast 30. juni avgje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet,..., om resultatet av kontrollen.


RSK 301: Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen



Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2025

Risiko- og vesentlegheitsvurdering

- 1 Meirverdiavgiftskompensasjon tilrettelagte boliger
- 2 Investeringsprosjekt
- 3 Offentleg støtte
- 4 Avslutting av rekneskapen



- Innehald vedtaket informasjon om kva for ein funksjonsnedsetting beboer har?
- Innehald vedtaket informasjon om at beboar har behov for den særskilde tilpasninga som finnst i den tildelte bolig?

«Korleis sikrar Bømlo kommune at vedtak for tildeling av særskild tilrettelagt bolig tilfredsstillar dei krav som blir stilt for legitimering av retten til å krevje meirverdiavgiftskompensasjon?»




Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee (“DTTL”). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides leading professional services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets and enable clients to transform and thrive. Building on its 180-year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s approximately 460,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.com

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.




Revisjonsplan og risikovurdering 2025

Løpande kommunikasjon og rapportering

Tidsplan

Oversikten under viser forventa tidslinje i vår rapportering og kommunikasjon.
Vi vil kontinuerleg evaluere vår revisjonsplan og eventuelle endringar vil bli kommunisert.



Kontrollutvalets rollar

Vi bistår kontrollutvalet med å oppfylle sine oppgåver

Hovudformålet med revisors interaksjon med kontrollutvalet

Kommunisere planlagt omfang av revisjonen

Kommunisere tidsriktig relevante observasjonar frå interimsrevisjonen

Kommunisere tidsriktig relevante observasjonar frå årsoppgjersrevisjonen

- Ha løpande kontakt med kommunen sin valde revisor om revisjonen av årsrekneskapen, inkludert å påse at revisor utførar revisjonen på ein tilfredsstillande måte
- Vurdere og overvake revisor sin uavhengigheit
- Implementere retningslinje for involvering av revisor i andre tenester utover ordinær revisjon

Oppfølging av ekstern revisjon

Integritet i rapportering

- Vurdere revisor sine funn, vurderingar og omfanget av feil.
- Vurdere kompetanse og kapasitet i kommunen sin økonomifunksjon.
- Ta stilling til fullstendigheit, kvalitet og forståelegheit i kommunen si samla finansielle rapportering.
- Informere kontrollutvalet om resultatet av den lovfesta revisjonen.

- Vurdere kommunen sine prosessar og system for internkontroll og risikoidentifikasjon
- Vere pådrivar i den kontinuerlege utviklinga av internkontrollen, spesielt på område der vesentlege feil og/eller svakheiter er kjende.

Internkontroll og risiko

Varsling og mislegheitar

- Sikre at gode prosessar og prosedyrar er på plass for å handtere uregelmessigheitar.
- Nærståande transaksjonar

Revisjonsomfang og angrepsvinkel for 2025

Vår oppgåve

Vi gjennomfører revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, inkludert International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

*Betryggande tryggleik for at
årsrekneskapen ikkje inneheld
vesentleg feilinformasjon*

Vi skal gje ei uttale:

- om **årsrekneskapen** er avgitt i samsvar med lov og forskrift og at det gir eit rettvisande bilete i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- at dei disposisjonane som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med **budsjettvedtak**, og at beløpa i årsrekneskapen ikkje har vesentlege forskjellar frå regulert budsjett.
- at opplysningane i **årsberetninga** er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrift.
- at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg **registrering og dokumentasjon** av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Revisjonsprosessen

	1. Interim	2. Årsoppgjer	3. Rekneskapsavlegging
Mål	Forståing av verksemda og den interne kontrollen	Avdekke eventuelle svakheiter og vesentlege feil	Avleggje årsrekneskapen utan vesentlege feil
Handlingar	- Gjennomgang av internkontroll-dokumentasjon og rutinar, inkludert evt. endringar i relevante rutinar. - Møte med administrasjonen - Oppfølging av endringar i regelverk - Detaljtestar - Kontroll av dokumentasjon av utgifter i samband med kontroll av momskompensasjonen	Substanstesting - Analytiske testar - Detaljtestar - Avstemming mot eksterne bekreftelsar Gjennomgang av balansedokumentasjon	- Møte med administrasjonen - Oppfølging av endringar i regelverk - Oppsummering av revisjonshandlingar
Resultat	Tryggleik for at nødvendige rutinar og kontrollar er utarbeida og implementerte	Stadfeste at rapporteringa ikkje inneheld vesentlege feil	Avgje revisjonsberetning
Tidspunkt	September-november	Februar-april	15. april

Risikovurdering

Bømlo kommune 2025

 Låg

 Middels

 Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Inntekter – Sals- og leieinntekter	Mange og store transaksjonar av ulik art og incentiv for mislegheiter knytt til inntektsføring.	
Meirverdiavgift inkludert kompensasjon	Komplisert regelverk, mange transaksjonar, mange tilsette involvert i prosessering av inngåande faktura og utfakturering. Risiko for forelding ved meirverdiavgiftskompensasjon og at kommunen urettmessig gjer krav på kompensasjon.	
Pensjon	Vesentlege forpliktingar og midlar, kompliserte regelverk og rekneskapsmessig handsaming, viktig for den enkelte tilsette at opplysningar er korrekt registrerte hos pensjonsleverandør.	
Skilje investering/drift	Forskrift og standard regulerer avgrensing. Vesentleg risiko for tilgang til lånefinansiering.	
Sjølvkost	Risiko for manglande etterleving av sjølvkostforskrift, herunder feil ved berekning og handsaming av over- og underskot.	
Anleggsmidlar	Vesentlege verdiar. Risiko for feilaktig aktivering og manglande avskrivingar. Store investeringar.	

Risikovurdering

Bømlo kommune 2025

Låg

Middels

Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Inntekter - Rammetilskot - Inntekts- og formuesskatt - Andre overføringar og tilskot frå staten/andre	Avstembare mot ekstern dokumentasjon.	
Bank	Risiko knytt til tilgang til bankkontoar og utbetalingsrutinar.	
Låneopptak	Låneopptak vert regulert av kommunelov og kommunestyret sitt budsjettvedtak. Minimumsavdrag viktig storleik.	
Bundne fond	Risiko for at avsetjing og bruk ikkje er i høve lov, forskrift eller gjevar sine vilkår.	
Avslutting av rekneskapen	Kommunestyret sitt budsjettvedtak set rammer for disponering og inndekking. Budsjett- og rekneskapsforskrifta regulerer avslutning. Historisk avdekka feil knytt til avslutting av rekneskapen.	
Utgifter	Risiko knytt til regelverk for offentleg anskaffing og mange tilsette involvert i prosessering av inngåande faktura.	
Aksjar og andelar	Risiko for at verdi på aksjene ikke er til stades	

Risikovurdering

Bømlo kommune 2025



Låg



Middels



Høg

Område	Kommentar	Risikonivå
Kundefordringar	Fordringsmasse består av mange mindre fordringar, liten risiko for vesentlege feil. Risiko for svakheit i rutinar for purring og tapsavsetjing.	
Andre kortsiktige fordringar	Risiko for eksistens og at verdi på fordring ikkje er til stades. Risiko knytt til klassifisering av kortsiktige postar som fordring vs gjeld.	
Annan kortsiktig gjeld	Risiko for at ikkje all gjeld er bokført eller at gjelda er forfalt. Risiko knytt til klassifisering av kortsiktige postar som fordring vs gjeld.	
Leverandørgjeld	Risiko for at ikkje all gjeld er bokført eller at gjelda er forfalt.	
Offentlege avgifter	Risiko for manglar og feil ved innberetning meirverdiavgift, arbeidsgjevaravgift og forskotstrekk. Risiko for at offentlege avgifter ikkje vert betalt tidsriktig.	
Løn	Svært mange transaksjonar gjev liten risiko for vesentlege feil i rekneskapen. Velfungerande prosess, rutinar og kontrollar.	
Noteopplysingar	Risiko for at notar inneheld feil eller at forskriftsbestemte noteopplysingar manglar.	



Saksframlegg

Saksnr: 2024/122-3
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	32/25	19.09.2025

Budsjett 2026 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2026

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga for årsbudsjettet til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Vedlegg

1. Budsjettforslag for 2026 for kontrollutvalet Bømlo kommune

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for politiske organ, som er vedteke av kommunestyret 25.09.2013, ajourført i februar 2018 står det i pkt. 4.6.2:

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal laga forslag til budsjett, som skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2026. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstilla direkte overfor politisk organ.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2

Vurderingar og verknader

Lovgrunnlag.

§ 23-2.Kontrollutvalgets ansvar og myndighet **Kontrollutvalget skal påse at**

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3.Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4.Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Av dette går det fram at utvalet har eit særskilt omfattande lovpålagt kontrollansvar på vegne av kommunestyret i Bømlo kommune. For at kontrollutvalet skal kunne ivareta dette kontrollansvaret på ein tilfredsstillande måte, i tråd med lovkravet, krevst det at kommunestyret stiller tilstrekkeleg med budsjettmidlar til disposisjon. Det at kontrollutvalet vert gjort i stand til å ivareta sitt kontrollansvar, m.a. ved å få tilført tilstrekkeleg med budsjettmidlar, vil bidra til å styrke utvalet si uavhengigheit og legitimitet.

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåver til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Kommunestyret vedtok nye planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i juni 2024.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggjast inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 - 400 timar for kommunar med Bømlo kommune sin storleik.

Erfaring frå kommunane dei siste åra viser at det kjem til prosjekt, som kontrollutvalet vert oppmoda om å sjå på, og som ikkje er med i planar for forvaltningsrevisjon / eigarskapskontroll. Dette har ofte ført til kostnader som har medført at kontrollutvalet har måtta be om ekstra midlar / ekstraløyving. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett å leggja inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette vil vera midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Grunnlag for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera henvendingar frå innbyggjarar, medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan. Det er lagt inn 50.000 kroner til denne posten i budsjett for 2026. Det er satt av 35.000 kroner til folkevaldopplæring.

Det er inngått ny avtale med revisor frå 01.07.2025. Kostnaden for revisjonstenestene er betydeleg høgare i ny avtaleperiode enn i den førre perioden, og første heilårseffekt kjem i 2026. For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtalen med ekstern revisor. Budsjettet kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn 5 møte i kontrollutvalet i 2026, med om lag like stor saksmengd som inneverande år. Det er vidare lagt inn kostnader med kurs, og at medlemmane i kontrollutvalet kan delta på fagkonferansar samt servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til kommunen.

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og tal møte. Kostnader er berekna i tråd med avtale som er inngått mellom Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune for åra 2023 til 2026, inkl. konsumprisregulering.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegg til budsjett. Budsjettframlegget skal så følge sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontrollarbeidet i Bømlo kommune.

Budsjettforslag 2026 for kontrollutvalet

Konto	Tekst	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 97 988	kr 107 653	kr 86 567
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 30 000	kr 30 000	kr 30 000
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr 3 600	kr 3 600	kr 3 600
	Delsum	kr 131 588	kr 141 253	kr 120 167
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 18 554	kr 19 917	kr 16 944
	Delsum	kr 150 142	kr 161 170	kr 137 111
11209	Andre driftsutgifter	kr 5 000	kr 5 000	kr 5 000
11008	Abonement	kr 2 500	kr 2 500	kr 2 500
11400	Annonse	kr -	kr -	kr -
11151	Servering på møta	kr 4 000	kr 5 000	kr 5 000
11207	Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.	kr 7 000	kr 7 000	kr 7 000
11500	Kurs/konferanse	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr 35 000	kr -	kr 35 000
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.	kr -	kr -	kr -
11709	Andre reiseutgifter utlegg	kr 15 000	kr 15 000	kr 15 000
11951	Kontingentar	kr 10 700	kr 10 700	kr 11 250
13300	Kjøp av sekretariatstenester*	kr 270 440	kr 276 750	kr 280 830
13300	Sekretariatstenester kjøp revisjon	kr -	kr 30 000	kr -
12702	Deloitte momspliktig honorar	kr 1 026 390	kr 855 512	kr 1 234 150
13750	Ekstra tiltaksmidler	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
	Delsum	kr 1 436 030	kr 1 267 462	kr 1 655 730
14290	Meirverdiavgift	kr 355 932	kr 313 691	kr 410 620
17290	Moms-kompensasjon	kr -355 932	-kr 313 691	-kr 410 620
13750	Deloitte ikkje momspliktig honorar	kr -	kr -	kr -
16500	Avg.pl.sal varer og tenester	kr -	kr -	kr -
	Total budsjettramme	kr 1 586 172	kr 1 428 632	kr 1 792 841

*13300 - Kjøp av sekretariatstenester. Denne posten er av Bømlo kommune laga til ein sekkepost. For 2025 er det føreslått avsett 306 750 kr



Saksframlegg

Saksnr: 2023/393-13
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	33/25	19.09.2025

Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll innan.....
2. Utvalet ber Deloitte utarbeida forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 30.10.25, slik at kontrollutvalet kan handsama prosjektplanen i møte 20.11.25.

Samandrag

Kommunestyret har vedteke plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for ny planperiode og kontrollutvalet skal i dette møte bestille nytt prosjekt etter ny plan.

Vedlegg

- 1 Plan for forvaltningsrevisjon for 2024-2028.pdf
- 2 Plan for eigarskapskontroll i 2024-2028

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret handsama plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i møte 17.06.2024 (PS 26/24 og PS 27/24). Dette er dei prioriterte prosjekta i dei to planane:

Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon

1. Habiliteringstenesta
2. Økonomistyring og ressurseffektive helse- og omsorgstenester
3. Økonomistyring og berekraft
4. Skulemiljø

Prioriterte prosjekt i plan for eigarskapskontroll

1. Bømlo Vatn og Avløp AS
2. Overordna eigarskapsforvaltning i Bømlo kommune
3. Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS
4. Moster 2024 AS
5. Viergo AS
6. Sentralidrettsanlegget AS

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova §§ 23–3 og 23–4.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet skal i dette møte bestille nytt prosjekt etter ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll er vedlagt saka.

Kontrollutvalet behandla i møte 10.04.2025 saka om forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta. Utvalet vedtok då å avlyse det tidlegare bestilte prosjektet, fordi kommunen sjølv har starta eit betringsarbeid på området. Samstundes bad kontrollutvalet kommunedirektøren om å gi jamlege orienteringar om arbeidet med Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023–2024 («habiliteringstenesta»), jf. mandat 26. Første orientering er venta til møtet 19.09.2025.

I vedtaket frå 10.04.2025 går det òg fram at det til møtet 19.09.2025 skal leggjast til ei eiga sak på sakslista om bestilling av ny forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Dette er bakgrunnen for at saka no kjem til handsaming.

Når kontrollutvalet har avgjort kva prosjekt dei vil bestille, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrense prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finne svar på. Ein del aktuelle moment er omtalt i vedlagte planar og i risikovurderinga som låg til grunn for planverket. Det vil vere naturleg å be revisor utarbeide ein prosjektplan ut frå dei signal som vert gjeve av kontrollutvalet i dette møte.

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i dette møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte AS utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. Frist for å levere prosjektplanen til sekretariatet vert sett innan 30.10.25, slik at utvalet får handsama planen i møte 20.11.25.



Bømlo kommune

Plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Mai 2024

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2024-2028	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	7
3.1	Standard og innsynsrett	7
3.2	Metode	7
3.3	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 først ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følgje kommunelova § 23-4 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Bømlo kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for det enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til administrative leiarar og folkevalde i kommunen
- Intervju med kommunalsjef innan ulike tenesteområde, ordførar og varaordførar, samt utvalsleiarar

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen si overordna eigarstyring, og for det enkelte selskap kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2024-2028

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei ein skilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og omfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvis eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap der også drifta i selskapet er omfatta av kontrollen (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Bømlo Vatn og Avløp AS	• Strategiar, krav og forventningar til selskapet • Oppfølging av eigarskap • Manglande vurdering av nytteverdi med tenesteorganiseringa • Bortfall av samfunnskritisk infrastruktur • Brot på lov om kommunale vass- og avløpsanlegg • Brot på forureiningsforskrifta del 4 • Samhandling og oppgåvefordeling mellom kommunen og selskapet
2	Overordna eigarskapsforvaltning i Bømlo kommune	• Eigarskapsmelding • Eigarstrategiar med mål, krav og forventningar til selskapa • Oppfølging av eigarskap • Rapportering til folkevalde organ • Val av styremedlem
3	Bømlo Kommunale Eigedomsselskap AS	• Manglande oppfølging av økonomien til selskapet • Manglande system og rutinar for val av styremedlemmar • Manglande koordinering av oppgåver mellom kommunen og selskapet
4	Moster 2024 AS	• System og rutinar for oppfølging av selskapet

UTKAST

		System og rutinar for økonomistyring
5	Viergo AS	• System og rutinar for oppfølging av selskapet • System og rutinar for økonomistyring
6	Sentralidrettsanlegget AS	• System og rutinar for oppfølging av selskapet • System og rutinar for økonomistyring

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følgje standard for eigarskapskontroll (RSK 002) ved gjennomføring av eigarskapskontrollar.

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemdar som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 23-6.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike eigarskapskontrollane avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørreskjema
- Intervju
- Analyse av statistikk
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka eigarskapskontrollar at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål og kva problemstillingar som skal bli undersøkte. Før ein eigarskapskontroll blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om eigarskapskontrollen til den som utøvar kommunen si eigarfunksjon og til det aktuelle selskapet/de aktuelle selskapa før datainnsamlinga tek til. Den som utøvar kommunen si eigarfunksjon og det aktuelle selskapet/de aktuelle selskapa skal få høve til å kome med sitt syn på funna i eigarskapskontrollen. Uttalen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Bømlo kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Mai 2024

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028	6
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	8
3.1	Standard og innsynsrett	8
3.2	Metode	8
3.3	Gjennomføring og rapportering	8

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Ifølgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Bømlo kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til administrative leiarar og folkevalde i heradet
- Intervju med kommunalsjef innan ulike tenestekområde, ordførar og varaordførar, samt utvalsleiarar

UTKAST

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei ein skilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og omfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2020-2024).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Habiliteringstenesta	• Organisering av tenesteområdet • Dimensjonering av tenestene • Sjukefråvær og nærleiksarbeid • Manglande system og rutinar • Uklære mål • Budsjettoverskridingar
2	Økonomistyring og ressurseffektive helse- og omsorgstenester	• Budsjettoverskridingar • Ikkje tilstrekkeleg bruk av velferdsteknologi • Dimensjonering av tenester og bruk av tiltakstrappa • Kvalitet i tenestene • Manglande kapasitet og kompetanse
3	Økonomistyring og berekraft	• Avvik frå budsjett og meirforbruk • Dårlig økonomisk berekraft • Lite kapasitet • Overbelasta tilsette
4	Skulemiljø	• Mangelfullt skulemiljø • Manglande systematisk arbeid med førebyggjande arbeid • Brot på regelverk • System og rutinar for å oppdage og handtere saker knytt til trygt og godt skulemiljø • Store konsekvensar for enkeltelevar

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt

UTKAST

Vald og trugslar mot lærarar
Vatn og avløp
Personalforvaltning, sjukefråvær og arbeidsmiljø
Samfunnstryggleik og miljø
Psykisk helse og rus

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 23-6. Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forpliktingar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg breidde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Analyse av statistikk
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt til rådmann før datainnsamlinga startar. Rådmannen skal få høve til å kome med sitt syn på funna i kvar forvaltningsrevisjonsrapport. Uttalen frå rådmannen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Sjå <https://www.nkrf.no/publikasjoner>



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/483-10
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	11/25	19.09.2025

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av desse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Bømlo kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har i møte 09.10.24, sak PS 30/24, gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ	Kontrollutvalsmedlem
Kommunestyret	Bente Spissøy
Formannskapet	Rune Kvernenes
Utval for levkår	Lene Borgen Waage
Utval for areal og samferdsel	Ståle Sagvaag

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

- Kommunestyret 16.06.2025
- Formannskapet 22.05.2025 og 28.08.2025
- Utval for levkår 26.08.2025
- Utval for areal og samferdsel 06.06.2025 og 27.08.2025

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Fra: Hogne Haktorsen[Hogne.Haktorsen@vlfk.no]

Sendt: 14.08.2025 16:07:50

Til: Velle, Eli Merete; magnus.svensden@bergen.kommune.no; Martin Marøy; Odd Gunnar Høie; Sjur Kristian Hatlen; kontrollutval@regionnordhordland.no; richard@sevareid.no;

firmapost@asjord.no[eli.velle@bergen.kommune.no; magnus.svensden@bergen.kommune.no;

martin.maroy@regionnordhordland.no; ogh@kontrollutvalgene.no; skh@kontrollutvalgene.no;

kontrollutval@regionnordhordland.no; richard@sevareid.no; firmapost@asjord.no]

Kopi: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnæs@vlfk.no]; Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]; Malene

Nesse Grønningen[Malene.Nesse.Gronningen@vlfk.no]; Miriam Akkouche[Miriam.Akkouche@vlfk.no]; Anne Kristin

Meyer[Anne.Kristin.Meyer@vlfk.no]; Arnar Helgheim[arnar.helgheim@sekom.no];

Tittel: Folkevaldopplæring på Solstrand 11. - 12. febr. 2026.

Hei!

Neste folkevaldopplæring for kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke:

- **Stad - Solstrand Hotel & Bad.**
- **Tid - 11. - 12. febr. 2026.**
- Dette er 8. samling me arrangerer (annakvart år sidan 2012).
- Vanlegvis deltar 90 - 110 medlemmar av kontrollutvala i fylket.
- Kontrollutvala i tidlegare Sogn og Fjordane fylke har eigne samlingar.



Foto: Hogne Haktorsen

Hald av datoane 11. - 12. febr. 2026.

- Invitasjon med program, praktiske opplysningar og påmeldingsfrist vil koma seinare på hausten.

Med helsing

Hogne Haktorsen

kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Malene Hopsdal Grønningen[]
Sendt: 02.09.2025 14:58:00
Til: Malene Hopsdal Grønningen[Malene.Nesse.Gronningen@vlfk.no]
Tittel: VS: Nyhetsbrev fra FKT

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: mandag 1. september 2025 12:30
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Emne: Nyhetsbrev fra FKT

[View this email in your browser](#)



**Har du meldt deg på
Kontrollutvalgslederskolen?**



Kontrollutvalgslederskolen del 3, 15.-16. oktober 2025

Å delta på Kontrollutvalgslederskolen er en mulighet til å bygge nettverk og tilegne seg forståelse for kommunal egenkontroll og kontrollutvalgets rolle utover det som kan tilbys i ordinære konferanser. Skolen er rettet mot leder og nestleder av kontrollutvalg, men også andre medlemmer av kontrollutvalgene og sekretariatene kan ha godt utbytte av skolen.

Nå ønsker vi velkommen til Kontrollutvalgslederskolen del 3, 15. – 16. oktober 2025 på Clarion Hotel Oslo Airport. **Del 3** skal gi en fordypning i kontrollutvalgets verktøy for å løse oppdraget. Når de vanskelige sakene kommer, er bruk av riktig verktøy vesentlig.

Det er fortsatt plasser igjen! Vi håper å se mange av dere der.

Det er mulig å melde seg på til kontrollutvalgsskolen del 3 selv om man ikke har deltatt på del 1 og 2.

Tema:

- Fallgruver ved særskilte undersøkelser og granskninger
- Har kommunen gode nok rutiner for varsling av enhver art?

- Planlegging og gjennomføring av en høring
- Hvordan bør kommunen håndtere varsling mot kommunedirektøren?
- Kontrollutvalgets muligheter til å forfølge ulovligheter
- Varsling og kontrollutvalgets rolle
- Valggjennomføring og valgpåvirkning

Pris: 8 500 (medlemmer), 8 900 (andre)

Påmeldingsfrist: 12. september

[Til påmelding](#)



Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 27.06.2025 14:55:12
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Medlemsbrev: God sommer fra FKT

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: fredag 27. juni 2025 13:50
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Emne: Medlemsbrev: God sommer fra FKT



Forum for
kontroll og tilsyn

Kjære medlemmer

Sommeren er straks over oss, og jeg håper dere alle får tatt en velfortjent ferie.

Det har vært et spennende halvår for FKT, med god oppslutning rundt både Sekretariatskonferansen og Fagkonferansen. Som nevnt på årsmøtet skal styret jobbe frem en ny strategi som skal presenteres og behandles på årsmøtet 2026. I den forbindelse inviterer vi medlemmene til å si sin mening i en medlemsundersøkelse. Denne sender vi ut i slutten av august, og vi håper så mange som mulig tar seg tid til å svare, så vi får et best mulig grunnlag for strategiprosessen.

For egen del vil jeg gjerne takke dere alle for å ta meg vel imot som ny generalsekretær i FKT. Det er givende å få jobbe for et så fint fellesskap som FKT er.

Avslutningsvis vil jeg minne om at det fremdeles er mulig å melde seg på Kontrollutvalgslederskolen del 3, som avholdes 15.-16.oktober. Vi kan friste med et bredt program med relevante problemstillinger. Lenke til program og påmelding finner dere [her](#).

Riktig god sommer!

Med vennlig hilsen

Nina Herland
generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 975 44 763 / www.fkt.no

[Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev](#)

